

Gravkapell og bårhus

Saman med mange gravplassar ligg det eit gravkapell eller eit bårhus. Gravkapell er eit seremonilokale ein særleg nyttar til gravferd. Eit bårhus kan vere frittstående eller det kan vere bårerom i ein annan bygning, til dømes eit kapell.

Alle har høve til å nytte eit gravkapell eller eit (offentleg) bårhus uavhengig av tru- eller livssyn. Seremonirommet har ofte visuelle fellestrekk med eit kyrkjerom, men det har ikkje den same liturgiske bygningssymbolikken eller rammene for bruk. Gravkapell kan ha altertavle og kors frå tidlegare, men nye seremonibygningar skal ha ei livssynsnøytral utforming.

Gravkapell kan ha høg kulturminneverdi.



Begnadalen kapell. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Generelt om gravkapell og bårhus

Eit gravkapell er eit offentleg rom som sørgande nyttar. Fondmotiv, bilete eller bygningintegreert utsmykking er ein del av den visuelle kommunikasjonen ved gravferdsseremonien. Ny utsmykking må difor ha høg kunstnarisk kvalitet og høve til både samanhengen og karakteren i rommet.

Om ein nyttar seremonirommet til andre funksjonar slik som til dømes kyrkjekaffe eller korøvingar, må ein ha gode internrutinar for bruken.

Gravplassmyndigheita bør registrere kapell og bårhus i Kyrkjebyggdatabasen. Private kapell (gravstader innomhus) er ikkje gravkapell i denne samanhengen.

Statsforvaltaren handsamar ikkje endringar av kyrkjestover ut over konsekvensane for gravplassen, det vil seie tilbygg og fasadeendringar, tilkomst og eventuelt uteområde. Det kan vere tenleg å følgje rettleiingane for gravkapell, sjå nedanfor.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten legger til grunn.

Rammene for kva som er orden og vørndnad er ulike ut frå dei ulike gravplassfunksjonane. Gravplassmyndigheita må vere særleg merksam når det gjeld uteareal og bygningar som dei etterlatne kjem i kontakt med.

Råd og rettleiing

Gravkapell og bårhus har ofte høg kvalitet i både formgjeving, materialar og handverk. Det sjeldan naudsynt å gjere «full oppgradering». Bygningane kan ha god orden og vørndnad, samstundes som dei har synleg historie og patina.

God og kvalifisert førebuing og planlegging av tiltak er naudsynt. Til vanleg er det tenleg å nytte tradisjonelle materiale og metodar for å unngå «materialkollisjonar» eller uheldige tekniske konsekvensar, slik som følgeskadar som til dømes råte eller soppskader. Bruk fagkompetanse med erfaring frå samanliknbare tiltak. Riksantikvaren har gode rettleiarar om servicehus, bygningar og anlegg i sårbare omgjevningar, sjå mellom anna eksempelsamlinga om energiøkonomisering.

Om ein tenker å endre ein bygning ved å fjerne eit integrert kors eller anna symbol, til dømes på ein fasade eller øvst på eit møne, bør ein ta ein heilskapleg og fagleg vurdering for ikkje å redusere dei kulturhistoriske verdiane eller kvalitetane til arkitekturen. Symbolet bør som oftast erstattast med eit ornament eller bygningselement med liknande arkitektonisk verknad. Det er ikkje krav om ein må fjerne kors frå eksisterande bygningar.



Holmsbu kapell. Foto: Tove Frøvoll Thoresen/Den norske kyrkja.

Særleg om gravkapell

Gravkapell har ofte bygningsmessige fellestrekk med kyrkjer, det kan difor vere tenleg å følgje «kyrkje-føringane» for vedlikehald, praktisk tilrettelegging og universell utforming. Kulturminnefaglege vurderingar bør ein hente inn tidleg i prosessen. Tekniske løysingar skal vere funksjonelle, men diskret.

- Det er ofte tenleg med eit lite uteområde framom inngangen, gjerne med ein benk. Unngå tildeling av nye graver tett på tilkomsten og vis omsyn til dei eksisterande gravene i nærleiken.
- Ved etablering av rampe for trinnfri tilkomst, bør ein følgje Statsforvaltaren sin rettleiar for ramper ved kyrkjer. Riksantikvaren har òg ei samling med døme på tilrettelegging for alle. (Riksantikvarens eksempelsamling, universell utforming.)
- Nye oppvarmingssystem og ventilasjonsanlegg, til dømes varmpumper, bør ikkje vere tett på inngangspartiet eller til sjenanse for sørgande på andre måtar. Vi rår til at ein følgjer Riksantikvaren sin rettleiing om varmpumper. Inne i seremonirom kan ikkje utstyret ta uheldig merksemd, unngå montering på fondveggen («altarveggen»).
- Utvendig solskjerming er eit framandelement for dei tradisjonelle kapella. Finn i staden fram til innvendig solskjerming, til dømes nøytrale gardiner eller persiener.
- I seremonirom med faste benkar, er det høve til å ta ut enkelte, slik at ein får plass til rullestol, barnevogn eller liknande. Når benkane er lange, kan ein eventuelt dele benkane i to for at ein lettare skal kunne nytte plassen tenleg. Generelt rår vi ikkje til å fjerne alle benkane i eit seremonirom for å erstatte dei med stolar: Benkar gir seremonirommet visuell ro, dei er fleksible med plass til «ein til» og det er god bruk av ressursar. Stolar som skal erstatte eller supplere benkar, bør underordne seg formspråket og fargane i seremonirommet. Av brannomsyn må ein kunne feste stolar i rekke til kvarandre.
- Om ein nyttar seremonirommet til andre funksjonar enn gravferd, må tilhøva ligge til rette for å rydde bort kortrappar, bord og liknande når det er gravferd. For småutstyr kan det vere tenleg å lage eller sette inn eit skap. Skap tar lite merksemd om dei får veggfarge og står diskret bak i rommet.
- Ver merksam på at enkelte bygningselement eller utsmykking kan ha svært høg kulturminneverdi. Eldre kyrkjekunst eller utstyr kan ha fått ny plass etter at «det tilhøyrande» kyrkjerommet har vore endra tidlegare.
- Bruk tid, omtanke og gode vurderingar for å finne egna løysingar for nye livssynsopne fondmotiv eller utsmykkingar.

Særleg om utstyr i gravkapell

- Lerret, skjerm og/eller projektor, må ha ei løysing som tar lite merksemd når det ikkje er i bruk. Lydanlegg må òg vere diskret, høgtalarar kan gjerne ha veggfargen. Sjå rettleiaren «Lyd og bilde i kirkerommet».
- Legg omtanke i ein heilskapleg belysning slik at han tener føremålet, både ved bruk av gamal armatur, men òg ved supplering eller fornying. Ver merksam på at

lampettar lett kan virke som «motlys». Eit system med høve til å regulere lys-styrken kan vere praktisk.

- Dei fleste gravkapell har gravferdsutstyr som høyrer til kapellet, til dømes sett for jordpåkasting, kistekrakkar og lysestakar. Utstyret kan vere utforma for den heilskapelege arkitekturen («enhetskunstverk») eller det kan være typisk for tida da kapellet var nytt. Av og til kan utstyret ha svært høg alder som gjenbruk frå ei kyrkje. Om ein må skifte ut eller supplere gravferdsutstyr, vis omsyn til arkitekturen og bygningen sin eigenart.
- Laust liturgisk utstyr eller andre gjenstandar som er uttrykk for tru eller livssyn, til dømes altarkors eller liturgiske tekstilar, er den lokale kyrkjeforvaltninga eller dei aktuelle trussamfunna sitt ansvar. Utstyret bør vere enkelt å sette bort.

Om hovudfunksjonen til kapellet i praksis er i samband med «andre aktivitetar» og ein svært sjeldan nyttar det til gravferd, kan ein vurdere å søke Statsforvaltaren om å endre føremålet til kyrkjestove, kontor eller liknande. Statsforvaltaren vil mellom anna vurdere tilkomst/uteområde og omsynet til kulturminneverdiane. Det vil vere ein føresetnad at det er anna høveleg gravferdslokale i kommunen og at kommunen støtter planen.



Horten kapell. Foto: Tove Frøvoll Thoresen/Den norske kyrkja.

Særleg om endringar av bårerom/bårerom

- Bårerom bør vere delt i eit mottakingsrom med plass for ei kiste og nokre personar, og eit kjølerom med kapasitet for det naudsynte talet med kister. Det bør ha høg kvalitet både i utforming, materialar og handverk. Ver merksam på at kister har stor svingradius.
- For at tilhøva skal ligge til rette for liksyning eller bårerandakt, bør syningsrommet vere minst fire meter djupt og tre meter breidd. Rommet bør vere enkelt, men verdig utstyrt. Det bør ha nokre stolar, egna belysning, eit par godt tilpassa lysestakar og

eventuelt eit lite avlastningsbord. Om det skal ha ny, fast utsmykking må ho vere livssynsnøytral.

- Kjølerom bør vere tilleggsisolert og utstyrt slik at ein kan spyle golvet. Kistene kan stå på katafalkar med hjul, bukkar, i reolar eller ein kan nytte kistekjølar (kjøleeining med plass for ein eller fleire kister). Kjølemaskineriet gir frå seg varme, det bør difor vere i eit eiga rom.
- Ein må oppbevare urner i samsvar med krava om orden og vørndnad. Dei bør stå i eit låsbart rom eller skap som er tilpassa føremålet. Unngå at tilkomsten er via eit lager eller eit anna birom.

Når må ein søke Statsforvaltaren?

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4. Ein må alltid søke om følgande tiltak:

- Oppføring av nytt gravkapell eller seremonibygning på eller i tilknytning til ein gravplass.
- Endring av kapellet sin hovudfunksjon, til dømes frå gravkapell til kyrkjestove eller driftsbygning. Om det er andre høvelege offentlege bårhus i kommunen, kan bårhus endre hovudfunksjon utan søknad til Statsforvaltaren.
- Tilbygg og større fasadeendringar. Men ein kan montere ute-einingar til varmpumper når dei ikkje står ved tilkomsten eller nærare gravfelt enn 3 meter og fasadeendringa ikkje fører til at bygningen sin karakter endrast.
- Større endringar av uteområde ved tilkomsten.
- Ny biletkunst eller anna utsmykking i seremonirom.
- Større endringar av seremonirom og inngangsparti (ornamentikk, fargar, overflater, heilskapleg belysning). Det er likevel ikkje søknadsplikt ved desse tiltaka:
 - Å sette inn bord og andre møbel som er lette å rydde bort ved gravferder.
 - Montere skap for oppbevaring av utstyr.
 - Skaffe nytt orgel, piano eller anna musikkinstrument.
 - Montere lerret, skjermar, projektorar og lydanlegg når ein følger rettleiinga «Lyd og bilde i kirkerommet».
 - Ta bort eller korte inn opp til tre benker på kvar side av midtgangen for å legge til rette for rullestol/barnevogn. Nye stolar må underordne seg formspråket i seremonirommet.
 - Montere varmpumpe når inne-eininga ikkje er på fondveggen («altarveggen»).

Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?

Vær merksam på at nokre tiltak kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

Referansedokument

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Riksantikvaren sine rettleiingar (fleire infoblad): [«Bygninger og anlegg»](#), sjå mellom anna [Råd om energisparing i gamle hus](#) og [Råd om varmeumper](#).
- Riksantikvaren sine kyrkjerettleiingar (fleire infoblad): [«Kirker»](#), mellom anna [«Lyd og bilde i kirkerommet»](#)
- [Riksantikvarens eksempelsamling, universell utforming](#) og [energiøkonomisering](#).
- [Rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø](#) (Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- [Kyrkjeordning for Den norske kyrkja](#).
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing» og «Vesentleg endring» (om tilhøva til kyrkjene).



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Januar 2023